

## Erklæring frå lege eller annan sakkunnig ved søknad eller melding om verjemål

Skjemaet skal fyllast ut i samband med søknad eller melding om verjemål for vaksne, jf. Lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) §§ 56 og 57. Skjemaet skal også brukast dersom det er behov for endringar i eksisterande verjemål. Skjemaet sendast til fylkesmannen i det fylket der personen som treng verjemål, er folkeregistrert. Ei adresseliste over fylkesmannen i dei ulike fylka er tilgjengeleg på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no).

Kostnadene dekkast av den som har bestilt erklæringa. Når fylkesmannen bestiller, sendast rekninga til fylkesmannen.

### Vilkår for å opprette verjemål:

Verjemålslova § 20 gir fem vilkår som må vere oppfylte dersom det skal opprettast verjemål for vaksne. Desse vilkåra er knytt til: 1) den fysiske eller psykiske tilstanden til personen, 2) at personen ikkje er i stand til å ta hand om sine egne interesser, 3) at det ut ifrå ein totalsituasjon må liggje føre eit behov for verje, 4) at det må det liggje føre ein årsakssamanheng mellom tilstanden personen er i og det at personen manglar evna til å ta hand om egne interesser, og 5) skriftleg samtykke frå personen dersom vedkommande er samtykkekompetent.

### Erklæring frå lege eller annan sakkunnig:

For at fylkesmannen skal kunne sikre ei tilfredsstillande saksbehandling der det også blir avklart om vilkåra for å opprette verjemål ligg føre, blir det kravd at fylkesmannen bl.a. legg ei erklæring frå lege eller annan sakkunnig til grunn for vedtaket, jf. verjemålslova § 59 første ledd bokstav a) og forskrift til vergemålsloven av 15.februar 2013 nr. 201 (verjemålsforskrifta) § 13.

Erklæringa må innehalde ei framstilling av den fysiske eller psykiske tilstanden til personen, og ei stadfesting på at denne tilstanden er årsaka til at personen ikkje kan ta hand om sine egne interesser. Erklæringa skal også innehalde ei vurdering frå legen eller ein annan sakkunnig av om personen er kompetent til å gi eit gyldig samtykke.

## 1 Person med behov for verje

Fornamn:	Fødselsnummer:
Mellomnamn:	
Etternamn:	
Folkeregistrert adresse:	
Postnummer:	Poststad:
Eventuelt noverande/anna adresse:	
Postnummer:	Poststad:

## 2 Vurdering av tilstand

Etter verjemålslova § 20 kan følgjande medisinske tilstandar eller diagnosar vere grunnlag for oppretting av verjemål: sinnsliding, demens, psykisk utviklingshemming, rusmiddelmisbruk, alvorleg speleavhengnad eller alvorleg svekt helse.

- Sinnsliding blir brukt som ei samlenemning og omfattar i tillegg til demens ulike former for psykosar, medrekna bipolar liding og schizofreni, og andre typar mentale lidingar eller åtferdslidingar som har oppstått som følgje av skade, sjukdom eller stoffbruk. Personar med ulike gradar av autisme vil også kunne omfattast som følgje av forstyringar i den psykologiske utviklinga.
- Psykisk utviklingshemming omfattar bl.a. personar med Downs syndrom.
- Rusmiddelmisbruk omfattar misbruk av både alkohol, narkotika og medikament.
- Alvorleg spelavhengnad krev eit omfang som inneber at vedkommande ikkje er i stand til å ta hand om forpliktingane sine.
- Alvorleg svekt helse omfattar alle former for fysiske svekkingar som kan føre til at ein person ikkje maktar å ta hand om interessene sine.

 Sinnsliding

 Psykisk utviklingshemming

 Alvorleg speleavhengnad

 Demens

 Rusmiddelmisbruk

 Alvorleg svekt helse

Gi opp ei meir utfyllande skildring av tilstanden/diagnosen til pasienten her:

## 3 Vurdering av årsakssamanheng og hjelpebehov

Legen eller annan sakkunnig må stadfeste at det er behov for verje fordi pasienten er i ein fysisk eller psykisk tilstand som fører til at vedkommande ikkje er i stand til å ta hand om egne interesser. Interessene kan omfatte økonomiske og/eller personlege forhold. Hjelpebehovet må framstillast.

 Ja, det ligg føre ein årsakssamanheng, og det blir rekna med at hjelpebehovet er slik:

<b>4 Vurdering av samtykkekompetanse</b>		
Forstår pasienten kva eit samtykke til verjemål inneber?		
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Utfyllande kommentar frå lege/sakkunnig:		
<b>5 Underskrift</b>		
Namn på lege/sakkunnig:		
Organisasjon/institusjon:	Organisasjon:	
Adresse:		
Postnummer:	Poststad:	
Dato:	Stad:	Stempel og underskrift frå lege/institusjon: